

**Ei flytebryggje på 2 X 4 meter i Uskedalen blir no gjenstand for klagesak. Bryggja vil, for å sitera søkjaren, vera kortare og litt breiare enn ein 14 fots Askeladden. Forvaltningskomiteen sa i første omgang nei til bryggja og det er dette vedtaket som Solfrid Eik Skarveland på Sandvoll no påklagar.**

Ho har søkt om ei så lita bryggje som praktisk mogeleg for å ha ein landingsplass som kan brukast ved fjære sjø. Den kan også brukast for fiske for ålmenta.

Området naustet ligg på er svært bratt og utilgjengeleg og det er ikkje strandsone eller terreng som kan nyttast til rekreasjon med tanke på LNF-område. Ved normal fjære sjø er det ved foten av kaikanten berre rundt 30 centimeter vatn.

Dette er lite og for ein liten båt.

Det blir heller ikkje søkt om utviding av sjølve kaia. Den og området er lite og skal framleis vera lite, held søkjaren fram.

Det føreligg ingen klager frå naboar på utleggjing av flytebryggja.

Det skal ikkje leggjast inn vann/avlaup eller strøm i naustet og det blir heller ikkje veg til eigedomen. Det er berre ein bratt gangsti ned frå hovudvegen.

Eik Skarveland håpar at det blir gjeve dispensasjon på ubestemt tid. Ein særleg grunn for det håpar ho vil vera at området i motsetnad til i dag blir tilgjengeleg for alle.

Kaianlegget som ligg der i dag er gammalt og ikkje brukbart som båtfeste. Argumentet om at ei flytebryggje verkar privatiserande er søkjaren forundra over då ein veit at flytebryggjer elles rundt i kommunen ofte er ein ynda plass for barn og vaksne i sommarsesongen.

Og flytebryggjene blir nytta som badeplattform på utilgjengelege område av langt fleire enn dei som 'eig' dei.

Kystverket har ikkje noko å bemerka til flytebryggja.

Søkjaren ønskjer at forvaltningskomiteen kjem på synfaring under klagebehandlinga.

Av Ola Matti Mathisen